

KVALITETSSIKRINGSRAPPORT – HAUST 2011 – VÅR OG HAUST 2012. PH.D.-PROGRAM I HUMANIORA OG SAMFUNNSVITSKAP

1. REKRUTTERING TIL PH.D. I STUDIEÅRET 2010/2011

Opptak 2011/2012 (Alle tal henta i FS, start haust 2011 og vår/haust 2012)

FS – Felles studentsystem - viser at fakultetet har 34 ph.d.-studentar med start hausten 2011 og vår/haust 2012 (mot 20 førre rapport): 13 med start haust 2011 (7 i fjor), 11 med start vår 2012 og 10 med start haust 2012 (13 i studieåret 2010/2011).

Opptaka fordelt på studieretningar:

	Start haust 2011	Start vår 2012	Start haust 2012	Totalt opptak h2011/2012
Ph.d.-programmet i humaniora og samfunnsvitskap	13	11	10	34
Arkeologi	1	-	-	1
Dokumentasjonsvitskap	-	-	-	-
Filosofi	1	1	-	2
Historie	2	2	-	4
Kunstvitskap	-	-	-	-
Litteratur og kultur	-	1	1	2
Pedagogikk	5	2	1	8
Reiseliv	1	2	1	4
Religionsvitskap	-	-	-	-
Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning	-	1	-	1
Sosialantropologi	1	-	-	1
Sosiologi	-	-	-	-
Språkvitskap	1	1	6	8
Statsvitskap	1	1	1	3

Reelt tal på ph.d.-studentar:

HSL-fakultetet har per 26. februar 2013 registrert 181 aktive studierettar i FS.

Dei 181 aktive studierettane fordeler seg slik på studieretningane i Ph.d.-program i humaniora og samfunnsvitskap:

Studieretning	181 aktive studierettar
Arkeologi	11
Dokumentasjonsvitskap	-
Filosofi	9
Historie	22
Kunstvitskap	4
Litteratur og kultur	11
Pedagogikk	24
Reiseliv	4

Religionsvitenskap	4
Samfunnsplanlegging og kulturforståing	7
Sosialantropologi	9
Sosiologi	10
Språkvitenskap (18 av 40 på CASTL)	40
Statsvitenskap	26

2. GJENNOMFØRING, FRÅFALL OG RESULTAT

Avlagte doktorgrader 2011/2012:

Fakultetet har hatt 31 disputasar til saman H2011/V-H2012 (mot 19 i studieåret 2010/2011). 2 av desse var andre gongs innlevering.

	Haut 2011	Vår 2012	Haut 2012	Til saman H 2011/V-H 2012
Ph.d.	8	19	4	31 er kreert Philosophiae Doctor (ph.d.)

Desse fordeler seg slik på studieretningane i Ph.d.-program i humaniora og samfunnsvitenskap:

Studieretning	Haut 2011	Vår 2012	Haut 2012
Arkeologi	1	-	1
Dokumentasjonsvitenskap	-	1	-
Filosofi	-	1	-
Historie	-	3	-
Kunstvitenskap	-	1	-
Litteratur og kultur	-	2	-
Pedagogikk	1	2	1
Reiseliv	-	-	-
Religionsvitenskap	-	-	-
Samfunnsplanlegging og kulturforståing	-	3	-
Sosialantropologi	-	-	-
Sosiologi	2	2	1
Språkvitenskap	2 (CASTL)	1 (CASTL) + 1 (IS)	-
Statsvitenskap	2	2	1

Refuserte avhandlingar (alle typar):

2 kandidatar har fått negativ bedømming haust 2011 (begge dr.philos.), mens 3 kandidatar har fått negativ bedømming i heile 2012 (2 ph.d., 1 dr.philos.). To har fått høve til å omarbeide avhandling og levere innan seks månader eller kortare (hausten 2012).

Fakultetet har i dei tre semestra rapporten omhandlar, ikkje behandla klagesaker på refusjon av avhandling. Kandidatane har nytta høvet til å kome med merknadar, oftast om dei har blitt refusert eller må omarbeide avhandlinga si. Ingen merknadar har medført at bedømmingskomiteen har endra si innstilling. Ingen av merknadane har gått vidare til klagenemnda.

Evalueringar: oppnemning av bedømmingskomitear og komiteane sitt arbeid (tilrådingar og ekspertise):

Bedømmingskomiteane sin ekspertise og kompetanse vert ivaretatt gjennom grunngjeving av forslaget (fagleg samansetning, kjønn og representantar frå utanlandske institusjonar) frå institutta ved oppnemning av komité. To av komiteane har blitt endra av habilitetsgrunnar, ein etter merknad frå kandidaten, og ein av komitémedlemmane trakk seg frå ein annan komité.

Evaluering av komiteane si innstilling/tilråding vert ivaretatt gjennom at prodekan forskning/dekan rutinemessig les alle tilrådingane, og har ved noen høve oppfordra komiteen til å gjennomføre justeringar av innstillinga før ho sendast kandidaten. Oppmodingane har medført justerte innstillingar frå bedømmingskomiteen.

Gjennomføring:

Tabellen under viser oversikt over brutto- og netto gjennomføringstid for disputerte haust 2011 og vår-haust 2012 (totalt 31 kreert til ph.d. i perioden). Tal frå tidskonto i FS per 27. februar 2013.

	Bruttotid - år	Nettotid - år
1	5,38	4,38
2	5,67	3,29
3	7,55	5,34
4	5,74	3,67
5	7,55	3,22
6	4,65	3,41
7	8,58	3,50
8	5,72	3,98
9	7,87	5,54
10	4,40	3,22
11	4,11	3,11
12	3,58	2,64
13	4,31	3,31
14	4,62	4,58
15	6,82	3,55
16	7,20	5,62
17	9,58	5,39
18	5,03	2,51
19	4,89	3,17
20	4,09	2,98
21	5,08	3,10
22	10,73	4,14
23	4,10	3,06
24	4,27	3,14
25	5,59	3,80
26	8,09	4,46
27	5,08	3,75
28	8,36	4,22

29	5,24	4,07
30	3,47	3,24
31	11,31	3,26

Fråfall:

Administrasjonen har vidareutvikla eit arbeid som starta opp hausten 2010 med oppdatering av studenttal i FS: § 12 i ph.d.-forskrifta slår fast at studentar som står i fare for å miste studieretten, skal få skriftleg varsel om det eitt år før studieretten går ut. Ph.d.-studentane har òg høve til å søkje om utvida studierett, der dei legg frem ein plan over avslutninga av arbeidet med avhandlinga i samråd med rettleiar.

Så langt i arbeidet ser det ut til at eit fåtal ph.d.-studentar ønskjer å seie frå seg studieretten. Det kan vere av di dei ikkje synest dei veit nok om kva tap av studieretten inneber, noe som òg visast i einskilde framdriftsrapportar. Likevel verkar det som om dei fleste ser ei slik oppfølging som positivt, noe som gir eit puff for å fortsette arbeidet: Dei ønskjer ikkje å miste ein rett som knyt dei til ei oppgåve som ikkje har vore fullført, og som dei ønskjer å fullføre.

3. LÆRINGSMILJØ OG KVALITET PÅ AKTIVITETEN

Administrative ressursar og ph.d.-utval:

Til disposisjon for ph.d.-studiet har fakultetet hausten 2011 og vår/haust 2012 hatt omtrent 2,8 administrative årsverk.

Fakultetet har eit felles ph.d.-utval med 5 medlemmar – oppstart 1.1.2010:

- Leiar, prodekan forskning Hans-Kristian Hernes.
- Førsteamanuensis Trude Nergård Nilsen, ILP, vara førsteamanuensis Bengt-Ove Andreassen, ILP.
- Professor Henning Howlid Wærp, IKL, vara Marit Westergaard, CASTL.
- Professor Siv Ellen Kraft, IHR, vara professor Roar Hagen, ISS.
- Stipendiat Yassin Nyang Karoliussen, IAS, vara stipendiat Hilde Brox, ILP.
- Sekretær for utvalet: seksjonsleiar Helen Sagerup, seksjon for forskningstenester.

Ph.d.-emne:

Totalt har fakultetet tilbydd 24 ph.d.-emne i H 2011/V-H 2012 (eit kurs er arrangert med to emnekodar/to studiepoengsvariantar). 8 av emna er gjengongarar, og har gått meir enn ein gong i løpet av perioden.

Fakultetet har òg laga to nye kurs på til saman 5 studiepoeng i formidling, kor det første gikk hausten 2012 (SVF-8048 Allmennretta formidling). Det andre vil gå første gong våren 2013.

Oversikt ph.d.-emne studieåret H2011/V-H2012:

DATO / TID	EMNEKODE OG –NAMN + studiepoeng	FAGANSVARLEG	RESULTAT
Langsgående haust 2011	HIF-8011 Advanced Research Topic in Linguistics II – 10 studiepoeng	Professor Gillian Ramchand, CASTL/IS	3 oppmeldt 1 møtt 1 bestått 0 stryk
7.-9. september 2011	SVF-8035 Vitenskapsteori – 7 sp	Professor Narve Fulsås, IHR	13 oppmeldt 11 møtt 10 bestått 1 stryk <i>Utsett eksamen:</i> 2 oppmeldt 2 møtt 2 bestått 0 stryk
21.-23. september 2011	PED-8006 Danning – Bildung – Literacy - 10 studiepoeng	Professor Gry Paulgaard, ILP og førstelektor Mariann Solberg, UVETT	4 oppmeldt 4 møtt 3 bestått 1 stryk
21.-23. september 2011	PED-8007 Danning – Bildung – Literacy - 5 studiepoeng	Professor Gry Paulgaard, ILP og førstelektor Mariann Solberg, UVETT	3 oppmeldt 3 møtt 2 bestått 1 stryk
26.-30. september 2011	ALI-8000 Fiksjon som kommunikasjon	Professor Anniken Greve, IKL	2 oppmeldt 2 møtt 2 bestått
27.-29. september 2011	HIF-8031 Gender and Arctic Discourses – 5 studiepoeng	IKL/Kvinnforsk	2 oppmeldt 1 møtt 1 bestått Utsett eksamen 1 oppmeldt 1 møtt 1 stryk Kontinuasjons-eksamen 1 oppmeldt 1 møtt 1 bestått
9.- 11. november 2011	SOA-8008 Indigeneity Beyond Boundaries – 5 studiepoeng	Professor Sidsel Saugestad, IAS	1 oppmeldt 1 møtt 1 bestått
16.-17. november 2011	SVF-8046 Paradigms in Tourism Theory – 5 studiepoeng	Professor Arvid Viken, ISS	12 oppmeldt 8 møtt 8 bestått
17.-18. november 2011	KVI-8000 Bildekunst mellom historie, estetikk og praksis – 5 studiepoeng	Førsteamanuensis Elin Haugdal, IKL	11 oppmeldt 8 møtt 6 bestått 2 stryk Utsatt eksamen 2 oppmeldt 1 møtt

			1 bestått
22.-24. november 2011	SOA-8009: Mirroring Visual Writing in the Social Sciences / Ecritures visuelles des sciences sociales en miroir – 5 studiepoeng	Professor Lisbet Høltedahl, IAS	3 oppmeldt 0 møtt
21.-26. november 2011	HIF-8022 Philosophy of Science for the Humanistic Disciplines - 7 studiepoeng	Professor Anniken Greve, IKL	7 oppmeldt 5 møtt 5 bestått
Langsgående H11-V12	STV-8006 Den vitenskapelige teksten som genre – 5 studiepoeng	Professor Turid Moldenæs, ISS	6 oppmeldt 1 møtt 1 bestått
Langsgående vår 2012	HIF-8010 Advanced Research Topic in Linguistics I - 10 studiepoeng	Professor Peter Svenonius, CASTL/IS	0 oppmeldt
20.-21. februar 2012	SPL-8005 Materiality, Performativity and Ethnographies – 5 studiepoeng	Førsteamanuensis Britt Kramvig, ISS	16 oppmeldt 8 møtt 6 bestått 2 stryk Utsett eksamen 3 oppmeldt 3 møtt 3 bestått
28. februar-1.mars 2012	SVF-8038 Forskningsetikk – 3 studiepoeng	Førsteamanuensis Kjersti Fjørtoft, IFF	29 oppmeldt 24 møtt 24 bestått 0 stryk
24.-27.april 2012	SVF-8035 Vitenskapsteori – 7 sp	Professor Willy Guneriussen, ISS	21 oppmeldt 16 møtt 13 bestått 3 stryk Utsatt eksamen 4 oppmeldt 4 møtt 4 bestått
23.-24.mai 2012	STV-8007 Nyere teorier i studiet av praksiser og ideers spredning i og mellom formelle organisasjoner - 5 studiepoeng	Professor Kjell Arne Røvik, ISS	22 oppmeldt 19 møtt 19 bestått
31.mai – 2.juni 2012	SPL-8004 Planning and Culture - 5 studiepoeng	Professor Nils Aarsæther og professor Torill Nyseth, ISS	15 oppmeldt 13 møtt 11 bestått 2 stryk Kontinuasjons-eksamen 1 oppmeldt 1 møtt 1 bestått
18.-20. juni 2012	SPL-8006 Gender and Mobilities – 5 studiepoeng	Halldis Valestrand, ISS og Sri Gerrard, Kvinnforsk	2 oppmeldt 2 møtt 2 bestått
4.-8. juni 2012	FIL-8002 Theory and methods of Philosophy – 5 studiepoeng	Instituttleder Jan Harald Alnes, ISS og førsteamanuensis José Maria Rosales, Univ. I Malaga	4 oppmeldt 4 møtt 4 bestått

Langsgående V-H 2012	SVF-8045 Kjønnforskning, vitenskapsteori og metodologi – 5 studiepoeng	Professor Hanne Haavind, professor Siri Gerrard, Kvinnforsk og professor Tove Bull, IS	1 oppmeldt 1 møtt 1 bestått
Langsgående H 2012	ARK-8003 Vitenskapelige tekster og argumentasjon – 5 studiepoeng	Professor Hans Peter Blankholm og førsteamanuensis Jorun Bræck Ramstad, IAS	2 oppmeldt 2 møtt 2 bestått
Langsgående H 2012	HIF-8011 Advanced Research Topic in Linguistics II – 10 studiepoeng	Professor Gillian Ramchand, CASTL/IS	7 oppmeldt 7 møtt 7 bestått
28.-30. august 2012	SVF-8047 Tourism Destination Development – 5 studiepoeng	Professor Arvid Viken, ISS	11 oppmeldt 8 møtt 6 bestått 2 stryk <i>Kontinuasjon:</i> 2 oppmeldt 2 møtt 2 bestått
19.-21. september 2012	SVF-8048 Allmennretta forskningsformidling – 3 studiepoeng	Førsteamanuensis Torjer A. Olsen, SESAM	13 oppmeldt 13 møtt 10 bestått 3 stryk <i>Kontinuasjons-eksamen:</i> 3 oppmeldt 3 møtt 3 bestått
12.-16. november 2012	HIF-8022 Philosophy of Science for the Humanistic Disciplines - 7 studiepoeng	Professor Anniken Greve, IKL	12 oppmeldt 11 møtt 11 bestått

Det er ulike former for evaluering av emna, og korleis form som passar det einskilde emnet best blir eit val faglærer gjer: munnleg evaluering i plenum, skjema utlevert eller bruk av questback (eller ein variant av desse tre). Faglærer leverer også evalueringsrapport. Desse vert lagt fram for ph.d.-utvalet, samlenummer i ephorte er 2011/5623.

Om lag halvparten av emna som har gått dei tre semestra rapporten omhandlar, har blitt evaluert (12 av 26). Det er ulike grunnar til at ikkje alle emna har blitt evaluert, mellom anna kapasitet i administrasjonen.

Administrasjonen har skrive ut essensen i evalueringane som blei utarbeida i studieåret 2011/2012 (sjå vedlegg 1).

Framdriftsrapport for kalenderåret 2011: Årleg framdriftsrapportering frå ph.d.-student, oppfølging med forskarsamtale med instituttleiing og instituttrapport til ph.d-utvalet.

Arbeidet med framdriftsrapportering:

I starten av kvart vårsemester sender forskingsadministrasjonen ut skjema for framdriftsrapportering via StudentWeb. Alle innleverte framdriftsrapportar frå ph.d.-studentar vart oversendt institutta i brev av 8. juni 2012, med frist til 24. september på å levere instituttrapport til ph.d.-utvalet. Instituttrapportane skal vere basert på forskarsamtale med ph.d.-studentane, den skriftlege tilbakemeldingane i rapportane frå student og oppfølging / tiltak institutta har gjennomført siste år.

Administrative tal på framdriftsrapportar innkome i 2012:

Svarprosenten frå studentane var om lag omtrent 60 % (i 2011 på 50 %).

Det er visse kjente årsaker til at svarprosenten ikkje kjem opp i 100. Både permisjonar, utanlandsopphald, tidsaspektet, at ein har lite å rapportere om og rapporteringstrøttleik er tilbakemeldingar som kjem på spørsmål om mangel på rapportering. Studentar med oppstart på hausten treng ikkje å rapportere (lite å rapportere om for kalenderåret) med mindre dei er godt i gang, og vil rapportere. Det same gjeld studentar som har disputert i løpet av hausten, dei vert oppfordra til å rapportere av di det kan vere nyttige tilbakemeldingar i slutfase – men dei vert ikkje purra om det manglar svar.

Instituttrapportar:

Alle innleverte framdriftsrapportar vert sendt institutta som bakgrunn for forskarsamtalar instituttleiinga skal ha med ph.d.-studentane. Administrasjonen har mottatt instituttrapportar frå alle institutta og forskarskulen CASTL.

Tilbakemeldingane frå institutta viser at alle studentane har fått tilbod om forskarsamtale med instituttleiar eller andre i instituttleiinga.

Tema for forskarsamtalane har vore arbeidssituasjon i form av sosiale og materielle forhold, med tema som pliktarbeid, rettleiing, informasjon, arbeidsmiljø, gjennomføring av opplæringsdelen tilrettelegging og oppfølging i forbindelse med permisjonar og tid til skrivning og tankar rundt slutfasen av finansieringstida.

Tilbakemeldingane frå ph.d.-studentane vert tatt til følgje så langt institutta har høve til det. Mange tiltak er gjennomført. Viktige tiltak, som er nemnd gjennomført eller vurdert gjennomført og ønska vidare, er sluttlesar og/eller sluttseminar for stipendiatane.

Vedlegg:

1. Essens av studentevalueringar H11/V12